

Arkivsaksnr.: 2014/482-0

Saksbehandlar: Linn Myrvold

Dato: 19.03.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen	12	18.03.15

Geiranger-Herdalen landskapsvernområde- Møteprotokoll- Fagleg rådgjevande utval 18. mars 2015

Oppmøte – Møte med Fagleg rådgjevande utval 18.03.2015

Organisasjon	Representant	Til stede
Destinasjon Geirangefjord	Ove Skylstad	Ja
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal	Åsmund Steen	Ja
Geiranger turist- og næringslag	Geir Gjørva (Vara)	Ja
Norddal Sogelag	Astor Furseth	Nei
Møre og Romsdal bondelag	Inger Johanne Tafjord	Ja
Møreforsking	Else Ragni Ytterdal	Ja
Runde Miljøseier	Nils Roar Hareide	Nei
Sparebanken Møre	Stein Ivar Krohn	Ja
Statens Vegvesen Region Midt	Maren Meyer	Nei
Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv	Merete Rønneberg	Ja
Storfjordens Venner	Gro Anita Bårdseth	Nei

Styremedlem	Representant	Til stede
Leder	Jan Ove tryggestad	Ja
Nestleiar	Bjørn Inge Ruset	Nei
Styremedlem	Ingrid Opedal	Ja

Frå administrasjon	Representant	Til stede
Verneområdeforvaltar	Linn Myrvold	Ja

Samanfatning av møtet

- Velkommen til fyste møtet med Fagleg rådgjevande utval 18.mar.2015 kl.12.30**
v/Styreleiar Jan Ove Tryggestad
- Forvaltning av verneområder**, v/Verneområdeforvaltar Linn Myrvold
Ny forvaltningsordning (2010)
 - Verneområdestyrets samansetning og arbeid
 - UNESCO Verdsarvstatus
 - Bestillingsdialog og fordeling av midlar i 2014 og 2015
 - Skjøtselsavtalar inngått med Fylkesmannen – Landbruksavdelinga i 2015 og statistikk for skjøtselavtalar i landskapsvernområdet 2008-2014.
 - Fagleg rådgjevande utvals samansetning og rolle

3. **FoU-strategi**, v/Else Ragni Ytterdal, Møreforskning
FoU-strategien er utarbeida i samarbeid mellom Møreforskning og Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap. Hovudmålet er «*Vestnorsk Fjordlandskap- eit laboratorium for berekraftig utvikling*» med ein utarbeida strategi for å styre utviklinga i verdsarvområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden i ei berekraftig retning og å leggje til rette for læring, kunnskapsutvikling og utprøving av nye berekraftige løysingar som kan skape nye arbeidsplassar/engasjement knytt til forskning og formidling. FoU-strategien tar for seg åtte utfordringsområdar for ønska kunnskapsutvikling:
0. Oversikt over forskning knytt til vestnorsk fjordlandskap
 1. Forståing, overvaking og ivaretaking av Outstanding Universal Value (OUV) i Vestnorsk fjordlandskap
 2. Forstå samspelet mellom naturverdiar i OUV og samfunn i Vestnorsk Fjordlandskap
 3. Heilskapleg og berekraftig næringsliv i Vestnorsk fjordlandskap.
 4. Utvikling av eit berekraftig næringsliv i Vestnorsk fjordlandskap
 5. Oppslutning om Verdsarvstatus og berekraftig utvikling
 6. Berekraftig teknologiutvikling i Vestnorsk fjordlandskap
 7. Formidling av Verdsarvverdiane gjennom forskning
- Påpeker at det er ein utfordring å definere grensa mellom bruk og vern. Arbeidet med rapporten blei starta opp i januar 2014 og frist for å komme med innspel til høyringsutkastet er 1. april 2015.
4. **Faglig påfyll om viktige arbeidsoppgåver for FNF**, v/Åsmund Steen, Forum for Natur og Friluftsliv
FNF er eit samarbeid mellom organisasjonane Friluftslivets Fellesorganisasjon (FRIFO), Friluftsrådene Ladsforbund (FL), Naturvernforbundet, Norges Jeger og Fiskeforbund (NJFF) og World Wild Fund for Nature (WWF). Alle uttalane frå FNF offentliggjerast på FNF's nettsider på www.FNF-nett.no.
5. **Val av Ordstyrar**: Inger Johanne Tafjord blei samrøysta valt som ordstyrar for Fagleg rådgjevande utval.
6. **Tema til diskusjon**:

Revidering av forvaltningsplan:

Else Ragni Ytterdal: Ved revidering av forvaltningsplan bør det vurderast om det kan opnast for å sette opp Seterbuar til overnatting slik at det blir lettare å passe på buskap som er på beite og drive sanking.

Merete Rønneberg: Utarbeiding av Forvaltningsplanen var ein dårleg prosess kor grunneigarane satt igjen med ein følelse av å ha blitt overkøyr. Ved revidering av forvaltningsplanen bør det derfor gjerast ein vurdering på korleis prosessen kan

betras slik at grunneigaranes interesser blir ivaretekne. Understrekar at forvaltninga er avhengig av eit godt samarbeid med dei som er grunneigarar i området.

Samansetning av FRU og kva for interesser som manglar

Jan Ove Tryggestad:

Har fått tips om lokale grunneigarlag i Geiranger som vil vere aktuelle å inkludere i det faglege rådgjevande utvalet for å ivareta grunneigars interesser.

Merete Rønneberg: Peikar på at lista over representantar som er invitert til å danne FRU er satt saman av godt vaksne folk. Foreslår å invitere yngre generasjon som er dei som skal ha skjømte området i framtida. Det vil vere ein god læringsprosess for dei unge.

Ingrid Opedal: Foreslår å gjere eit nytt forsøk på å få med ein representant frå Høgskolen i Volda som har fleire relevante studiar knytt til Friluftsliv og Naturguide. Foreslår å kontakte dei fagansvarlege direkte i staden for å sende brev til administrasjonen.

Ove Skylstad: Peikar på at det er mykje Fylkeslag som er invitert til FRU og stiller spørsmål ved tilknyttinga lokalt.

Jan Ove Tryggestad: Fylkeslaga oppnemnar lokale tillitsvalte og grunneigarar samlar seg i eit kandidatur.

Inger Johanne Tafjord: Understrekar at grunneigarar som inkluderas i FRU bør vere grunneigarar som driv aktivt med interesse og forståing for området verdi.

Linn Myrvold: Enkelte av organisasjonane som er invitert til å oppnemne representant ser ikkje nytta av å vere med i rådet og andre blandar saman råda for Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv og Verneområdestyret.

Merete Rønneberg:

Det vil vere hensiktsmessig å rydde opp dei ulike råda og gjere eit nytt forsøk på å kontakte lokale lag og foreiningar då det vil vere relevant for dei å vere med. Peikar elles på at lista over representantar som er invitert til å danne FRU er satt saman av godt vaksne folk. Foreslår å invitere yngre generasjon som er dei som skal skjømte området i framtida. Vil fungere som ein god læringsprosess for dei unge.

Jan Ove Tryggestad: Ved fråfall bør styret får tilbakemelding og vararepresentant bør stille. 40% fråfall er for stort.

Foreslår å sende ut brev til dei som ikkje har svart og informere om at vi noterer at dei ikkje er interessert i å oppnemne representant.

Åsmund Steen: Registrerer at det er mange bondelag som er invitert. Vil det vere aktuelt å slå saman disse til eit forum på same måte som FNF?

Ingrid Johanne Tafjord: Ser heller ikkje nødvendigheita med å ha med alle bondelaga som var satt opp på invitasjonslista, men meiner det ville vere hensiktsmessig å få med ein representant frå Bonde- og småbrukarlaget.

Geir Gjørva: Det bør vere fleire næringslivsrepresentantar i rådet, for eksempel eit par representantar frå Turist- og næringslaget.

Fagleg rådgjevande utvals rolle:

Else Ragni Ytterdal: Ønskelig med møte i FRU meir enn ein gong i året for å få følgje med på kva som skjer og få muligheit til å bidra. Det finnes alternativ til å møtes fysisk i FRU.

Ingrid Opedal: Utvalet kan komme med innspel i ulike saker som er under behandling i styret. Det vil vere aktuelt med eit eller to møter i løpet av året. Det vil ikkje være nødvendig å sette opp møte for å ha møte, men det er viktig å oppretthalde ein kontinuitet.

Jan Ove Tryggestad: I saker kor det vil vere aktuelt vil det kunne bli kalla inn til folkemøte. Det er stort engasjement og oppmøte blant anna i Geiranger.

Merete Rønneberg: Muligheit for at ordstyrer kan delta på styremøter?

Jan Ove Tryggestad: Det må avklarast med Fylkesmannen om ordstyrer kan få møterett. Alternativt kan det sendes ut nyheitsbrev til FRU et par gonger i året.

Møteslutt: kl.14.45.